

Referat frå jurymøte nr. 1 – Junior NM sprint og Norges Cup langrenn - Voss

Stad: Kongehytta, Voss Ski og Tursenter

Dato og tid: 9.2.2023, kl. 12.00 -13.00

Til stades: TD Arne Sandvold, ass. TD Morten Vannebo, NSF arrangementsansvarleg Erik Husby, rennleiar Arnstein Aas, ass. rennleiar Lars Terje Tveito og løypesjef Rune Magnar Røthe

Referent: Stig Gunnar Røthe

Vær: -1 grad, snø- og vindbyger.

SAK: Jurymøte nr 1:

TD ynskete velkomen til møte.

Etter besiktigelse av løypene kunne TD og ass. TD konkludere med at dei er i særskild god stand, og arrangør har førebudd seg godt.

Rennformat og rennoppsett vert behelde med fylgjande justeringar:

- Fredag i sprinten vert det justert til 3 min. mellom heata.
- Laurdag fristil vert som skissert.
- Sondag klassisk vert justert ned til 30. min pause mellom jente- og gutteklasse.

Det vert eit opphald mellom prolog og heat for å kunne køyre ut løypemaskiner ved behov.

Løypene vert stengd 15. min. før start.

Fylgjande justeringar på sprintløype vart vedteke:

- Løypa vert rett ut mest mogleg inn mot fyrste motbakke etter start (minst mogleg «S»).
- Vatn i bakke mot nedkøyring mot stadion skal arrangør prøve å få drenert.
- Breidde i flate etter Grillhytta vert auka.
- På lågaste punkt i løype (start energibakken) vert det gjort fylgjande tiltak: Mønepanne i inngang og gjennom sving. Slik at svingen vert jamnast mogleg, og at det er mogeleg å halde linja gjennom svingen.
- For å ivareta størst mogleg breidde inn mot oppløpet vert siste del av «vossakorv» svingen inn mot oppløpet kutta. Svingen vert laga med radius som gjer at den er jamn og fin å gå rundt - med ca. 9 meter breidde før og etter svingen.

Fristilløypa for laurdag vert behelde slik den ligg.

Fylgjande justeringar på klassisk løype vart vedteke:

- Klassisk sone1 vert flytta litt lenger fram.
- Det vert sporsett gjennom heile 180 grader svingen i Djupåsen.
- Start og stopp på sporsetting vert markert med mønepanne og granbar.
- Spor og markering må leggjast slik at det ikkje er mogeleg å gå fiskebein på innsida.

- I løypa på veg mot stadion ved brua - vert løpa laga breiast mot stadion (smalare frå stadion). Over brua vert det ikkje spor – sporet vert lyta like i forkant av gitter – gjeld både sider av brua.

Neste planlagde jurymøte: Fredag 10.2.2023, kl. 07.45